

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.12.2023

Vår ref.: 200801334-50 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Avgrensa høyring av søknad om forlengd byggjefrist for Kasseelva kraftverk i Vanylven kommune

Det har kome inn ein søknad til NVE frå Småkraft AS datert 15.03.2021, om å få forlenga byggjefristen for Kasseelva kraftverk med fem år, til 16.06.2026. Småkraft AS fekk konsesjon til å byggja kraftverket den 02.09.2014, med endeleg vedtak av Olje- og energidepartementet (OED) datert 16.06.2016.

Etter vilkårspost nr. 2 i vassdragskonsesjonen må konsesjonær byrja å byggja kraftverket før det har gått fem år frå konsesjonen vart gjeve. Om ikkje fell konsesjonen frå. NVE kan forlenga fristen éin gong med inntil fem nye år.

I samband med søknaden om forlengd byggjefrist bad NVE om oppdatert kartlegging av biologisk mangfald i influensområdet til kraftverket. Me meina at kartlegginga ikkje lenger var tilstrekkeleg til å kunne fatte vedtak. Den opphavelige kartlegginga fylgde ein metodikk frå før 2009. Sidan den gong har NVE revidert rettleiar for dokumentasjon av biologisk mangfald, og siste reviderte utgåve er rettleiar nr. 6-2018. NVE fekk ny rapport om biologisk mangfald for Kasseelva kraftverk 12.04.2023.

Søknaden om forlengd byggjefrist og oppdatert naturmangfaldrapport for Kasseelva kraftverk ligg tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/5427/V.

NVE skal vurdera om det er kome nye element i saka som tilseier at fristen ikkje kan verta forlengd.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden om forlengd byggjefrist vert difor berre sendt på avgrensa høyring.

NVE ynskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye tilhøve som kan vera av betydning for konsesjonen sidan saka vart behandla i 2016. Me ynskjer òg tilbakemelding dersom de veit om nye partar som saka vedkjem, slik at dei òg kan få høve til å uttala seg.

Me ber Statsforvaltaren særleg vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiningar.

Fråsegn kan sendast på e-post til uttalelse@nve.no.



Frist for innsending av fråsegn er:

15.01.2024

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Hanne Tjoflot
førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Godkjent av Brit Torill Haugen
Seniorrådgiver

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
Vanylven kommune
Birger Flo

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS
SMÅKRAFT AS - Katarina Eftevand